



Nhb Vest Utvikling As
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4427 - 22/74441

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.no

Dato:
28.09.2022

Ber om tilbakemelding på mogleg ulovleg tilfelle på eigedomen din - gbnr 24/156

Tiltak: Farleg skjæring på tomt
Byggjestad: Gbnr 24/156 Mykingvegen 476
Tiltakshavar: Nhb Vest Utvikling As

Saka gjeld

Kommunen har motteke ei bekymringsmelding som gjeld utrygg skjæring/sprengkant i bakkant av bustaden.

Arbeidet kan vere søknadspliktig

Vi ser at det er godkjent oppføring av ny tomannsbustad på eigedommen. I forbindelse med bygging på eigedom er det krav om tilfredsstillande sikring for både eigen og tilstøtande eigedommar. Du må derfor sende oss ei utgreiing om kva arbeid som er utført, slik at vi kan få klarlagt dei faktiske forholda. Vi ser det nyleg er gitt ferdigattest for tiltaket. Vi gjer merksam på at ferdigattest kan trekkast tilbake dersom tiltaket ikkje tilfredsstillar krava til ferdigattest.

Kommunen har ikkje teke stilling til om tilhøvet er eit brot på plan- og bygningslova. Vi ber i fyste omgang om utgreiing av tilfella.

Kva må utgreiinga innehalde?

Du må greia ut om dei arbeid som er utført. Vi ber også om at du legg ved bilete som støttar utgreiinga.

Du kan sende oss utgreiinga til e-postadresse post@alver.kommune.no eller per post:

Alver Kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Frist for utgreiing er 25.10.22

Anvendt regelverk

Du har plikt til å greia ut om det utførte tiltaket i følge Plan- og bygningslova § 31-7.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/4427

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Nhb Vest Utvikling As

Hagellia 6

5914

ISDALSTØ